

# **Psykiatriplan for Solund kommune 2013 - 2020**



*Solnedgang over Lågøyfjorden  
Foto: Roar Moe*

**Tiltak og tenester for menneske med  
psykiske lidingar.**

## INNHALDSLISTE

- 1.0 INNLEIING
  - Love og forskrifter
  - Psykisk helsearbeid
  
- 2.0 MÅL
  - Overordna mål for Solund Kommune
  - Mål for Psykisk helseteneste
  - Sentrale føringar
  
- 3.0 TILSETTE OG ORGANISERING
  
- 4.0 KVALITETS – OG STYRINGSSYSTEM

### Vedlegg:

Psykososialt kriseteam

## 1.0 INNLEIING

Planen skal gje auka kunnskap om tenesta, og er retningsgjevande for det psykiske helsearbeidet i Solund kommune. Den viser til gjeldande lover og forskrifter, og er ei evaluering av psykiatriplanen for kommunen 2007 - 2010.

Vi veit at mange barn, unge og vaksne slit med psykiske vanskar. Samhandlingsreformen gjev klare signal til kommunane om auka satsing på førebyggjande og helsefremjande arbeid også på dette feltet.

Helse- og omsorgsdepartementet har lagt føringar når det gjeld psykisk helsearbeid.

### PSYKISK HELSE

*Det er en prioritert oppgave for regjeringen å styrke tjenestetilbudet til mennesker med psykiske lidelser. Tjenestene skal legge mestrings- og brukerperspektivet til grunn og bidra til bedre levekår for mennesker med psykiske lidelser. Tilbudene skal primært bygges opp og gis i nærmiljøet. Spesialisthelsetjenesten skal støtte opp om arbeidet i kommunene og gi tilbud om utredning og behandling av mer alvorlige tilstander. Formålet er*



- å fremme uavhengighet
- selvstendighet for den enkelte
- evnen til å mestre eget liv
- å styrke de lokalbaserte tjenestene

### LOVER OG FORSKRIFTER

Dei mest sentrale lovene finn ein på: [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)

Lov om sosiale tenester i NAV

Helsepersonelloven

Pasient- og brukerreteighetsloven

Psykisk helsevernloven

Barneloven

Folkehelseloven (gjeldane frå 01.01.12)

Helse- og omsorgstjenesteloven (gjeldane frå 01.01.12)

FN's Barnevernkonvensjon

Dei mest sentrale forskriftene:

Pasientjournalforskrift

Forskrift om individuell plan

Forskrift om Lovbestemt sykepleietjeneste i kommunen

Legemiddelforskriften

Psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunen (Sosial-og helsedirektoratet rettleiar IS – 1405)

Psykisk helsearbeid for vaksne i kommunen (Sosial og helsedirektoratet IS – 1332)

## PSYKISK HELSEARBEID

Psykisk helsearbeid er tiltak retta inn mot menneske med psykiske lidingar og vanskar, deira familiar og nettverk. Det omfattar også førebygging og opplysningsarbeid.

## 2.0 MÅL

### OVERORDNA MÅL FOR SOLUND KOMMUNE

*Helse og omsorgstilbodet i Solund skal vere godt, og kunne samanlikne seg med andre kommunar i fylket.*

*Helse og omsorg arbeider for alle aldersgrupper gjennom heimetenesta, legetenesta, NAV, eldreomsorg instiyusjon, PU, folkehelsearbeid, psykiatri og helsestasjon. Dei skal gje brukarane best mogeleg tenester og drive effektivt, jfr LEON- prinsippet. Dei skal gje tryggleik og utføre tenester som gjer at flest mogeleg hjelpetrengande skal kunne bu i eigen heim. Menneske som er meir hjelpetrengande vil få tilbod om omsorgsbustad, og tilbod på Solundheimen dersom naudsynt.*

*Mål for planperioden:*

- at innbyggjarane i Solund er sikra eit godt legetilbod.
- at mennesker i sosial naud får den hjelpa dei treng.
- at det er eit barnevernssamarbeid som tek vare på born som treng oppfølging på ein trygg og god måte.
- at rusmisbrukarar blir fylgd opp får eit fagleg godt behandlingstilbod.
- at sosialtenesta vert involvert på eit så tidleg stadium at det gjev den einskilde eit godt grunnlag for å klare seg sjølv.
- at det blir arbeidd med å fremje innbyggjarane si totale helse og førebyggje sjukdom, skade og lyte.
- at det er lagt til rette for eit godt miljøretta helsevern i kommunen.
- I Solund er det lagt til rette for at alle innbyggjarane har høve til å bli stimulert til å ta vare på eiga helse.
- Kommunen har samarbeid om jordmorteneste.
- Eldrerådet er aktivt og får høve til å uttale seg i alle saker.
- Kommunen tilrettelegg for rehabilitering og bygging av omsorgsbustader.
- Kommunen sine innbyggjarar skal ha tilbod om tannhelsetenester. I Solund er det lagt til rette for at alle innbyggjarane har høve til å bli stimulert til å ta vare på eiga helse (Godkjent av Solund Kommunestyre 20.04.2010 (K.sak 004/10).

### MÅL FOR PSYKISK HELSETENESTE

Tenesta skal sikre at innbyggjarar med psykisk lidning, som har behov for langvarige og samansette tenester, får eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod.

Psykisk helsearbeid er eit lågterskel tilbod der brukarar sjølve kan ta kontakt, og der nødvendige samordna tiltak kan starte straks.

Delmål:

Tenesta skal sikre:

Tilgjengelege sosial- og helsetenester som fangar opp behov og henviser til rett instans. Forsvarleg utgreiing og planlegging av tenestebehov i samarbeid med tenestemottakar.

At det vert fatta vedtak som legg til rette for tenester og tiltak.  
At tenester/tiltak vert satt i verk innan forsvarleg tid.  
At tenester/tiltak vert satt i verk i tråd med planar og vedtak.  
At kriser og svingande sjukdomsforløp vert handtert på ein forsvarleg måte.  
Tilstreккеleg kontinuitet og stabilitet i tenesteytinga, slik at tenestemottakaren opplever tryggleik i kvardagen.  
At nye/endra tenestebehov vert fanga opp, og at nødvendige endringar vert satt i verk på ein samordna måte.

## SENTRALE FØRINGAR

Det er peikt på følgjande satsingsfelt.

### Barn og unge

Kommunen må byggje opp lavterskeltilbod innan utredning, behandling og oppfølging til barn og unge med psykiske plager og lidingar.

Det bør rekrutterast psykolog som kan inngå i det tverrfaglege arbeidet i kommunen.

I mindre kommunar bør interkommunale løysingar vurderast.

Regjeringa sine satsingsområder:

- Gje barn som er utsette for fysisk og psykisk vold hjelp og støtte.
- Barn med psykisk sjuke / rusmiddelbrukande foreldre skal få oppfølging og hjelp.
- Barn og unge som slit psykisk vil ofte ha trong for støtte og hjelp frå fleire offentlege instansar.
- Styrke samarbeidet og samordne arbeidet mellom det kommunale psykiske helsearbeidet, spesialisthelsetenesta og barnevernet.
- Styrke og vidareutvikle det førebyggjande arbeidet.

### Vaksne

Kommunen sin innsats bør rettast mot menneske med alvorlege eller moderate lidingar. Det er viktig med bustad med tilstrekkeleg bistand, meiningsfylte aktivitetar, om mogeleg arbeid, sosiale fellesskap, nødvendig og tilpassa helse- og sosialtenester, styrke brukar - og pårørande organisasjonar og brukarretta tiltak.

Kommunen må etablere tverrfagleg team og fagmiljø innan psykisk helsearbeid for å styrkje kvaliteten på tenesta.

### Psykisk helsearbeid og arbeid for rusmiddelbrukarar

Psykisk helsearbeid og rusarbeid har fleire felles trekk mellom anna i form og fagleg tilnærming.

Det er difor behov for å sjå kunnskap om psykisk helse arbeid og rusarbeid i samanheng.

Sjå ruspolitisk handlingsplan for Solund kommune.

### Førebygging

Helsestasjon og skulehelseteneste har ein sentral rolle overfor gravide, barn og unge i det førebyggjande arbeidet. Psykisk helseteneste dreg nytte av dei arenaene for samhandling som er etablert.

### Kvalitet og innhald i tenestene.

Målet er å leggje til rette for eit sterkare fokus på innhald og kvalitet i tenestene.

Kommunen må sjå til at dei ulike funksjonane vert ivaretekne på ein tilfredsstillande måte.

- Rettleiar i psykisk helsearbeid for vaksne i kommunen IS-1332
- Rettleiar i psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunen IS- 1405

#### Arbeid og psykisk helse

Det er eit mål at menneske med psykisk lidning skal få høve til å utvikle og utnytte eigen arbeidsevne. Kommunen skal vektleggje:

- Utvikling av lavterskeltilbod med motivasjons - og meistringstiltak som kan føre til arbeidsretta aktivitet.
- Etablering av forpliktande tverrfagleg samarbeid mellom helse, skule og NAV.

#### Brukarmedverking

For planperioden bør følgjande prioriterast:

- Systematisk brukartilbakemelding.
- Støtte til eksisterande eller etablering av nye brukarstyrte senter.
- Etablering og vidareføring av brukarråd.
- Individuell plan er viktig verktøy for brukarmedverking.

#### Samhandling

Solund kommune vedtok i 2012 rammeavtale og delavtaler med Helse Førde, også når det gjeld psykisk helse.

#### Tilpassa tilbod

Det er eit mål at menneske med psykisk lidning har eit tilbod tilpassa eiga funksjonsevne, når dei treng det og der dei treng det. Kommunen må ha tilgjengeleg tilbod til barn og unge med lettare psykisk lidning og til dei som står i fare for å utvikle alvorleg lidning. Tenesta må, eventuelt i samarbeid med andre kommunar, ta imot dei som er behandla av spesialisthelsetenesta og følgje opp i heimemiljøet.

## **3.0 TILSETTE OG ORGANISERING**

### **TILSETTE**

Overordna ansvarleg er helse- og omsorgsleiar.

Medisinsk ansvarleg: kommunelege 1.

Ansvar psykisk helsearbeid: avdelingsleiar psykisk helse/sjukepleiar

Ansvar heimetenesta: avdelingssjukepleiar

Ansvar institusjonen: avdelingssjukepleiar

### **ORGANISERING**

Godt psykisk helsearbeid krev tverrfagleg samarbeid, kunnskap, tid, interesse, empati og kontinuitet i tenestetilbodet. Legane er bindeleddet mellom DPS, og har ansvar for tilvising til andrelinjetenesta. Leiar for psykisk helseteneste har kontortid tysdag og torsdag.

Heimetenesta er ein viktig samarbeidspart i å observere behov og endringar også når det gjeld den psykiske helsa.

Vi har faste arbeidsmøte mellom heimesjukepleien, miljøarbeidar og leiar kvar 3. veke.

Sjukepleiar i heimetenesta har hovudansvar for tillaging av medikament.

Heimetenesta har ansvar for utdeling av medikament til brukarar i samarbeid med psykisk helseteneste. Leiar for tenesta har delansvar og skal til ein kvar til halde seg oppdatert på eventuelle endringar.

Ein yter teneste primært på dagtid men kan også gje hjelp og tilsyn på kveld fram til kl 22.00, helger og høgtid etter vedtak og elles behov. Til andre tider er det legevakta som tek ansvar. Tenesta disponerer bil etter avtale med heimetenesta og lege.

#### INNTAKSNEMNDA

Vi har møte i inntaksnemnda kvar 3. veke. Inntaksnemnda består av helse og omsorgsleiar, avdelingssjukepleiar i heimesjukepleien, Solundheimen og kommunelege 1.

Avdelingssjukepleiar for psykisk helseteneste møter ved behov. Søknader sendast inntaksnemnda og vedtak vert gjort her.

Det er ikkje vedtak på støttesamtalar. Psykisk helseteneste og heimesjukepleien arbeidar tett saman og har møter etter behov. Informasjon vert gjeve kontinuerlig ved endring.

#### LEGEVISITT

Heimetenesta har fast legevisitt kvar tysdag med kommunelege 1.

Psykisk helseteneste har kontor ved legekantoret, og får avtale med lege etter behov.

Kommunelege 2 har kontordag på Hardbakke kvar 3. onsdag.

ARBEIDSSTOVA «FLITTIGE HENDER» har tilsett ein miljøarbeidar i 0,2 stilling.

Arbeidsstova er bemanna kvar onsdag, men er ope alle kvardagar mellom kl 09.00 – 14.30.

Opningstida er lagt opp etter bussrute/ båtrute.

#### BRUKARMEDVERKNAD

Brukar undersøking skjer gjennom kontinuerlig samarbeid og tilbakemelding frå brukarar og pårørande. Brukarundersøking er planlagt gjennomført kvart 5. år.

#### STØTTEKONTAKT

- er eit viktig tilbod for å motverke isolasjon, og skal utvide høve til å delta på aktivitetar i fritida. Tenesta har utfordringar med å rekruttere støttekontaktar. Målet er at tenesta skal ha ei betre oppfølging av støttekontaktar gjennom faste møte x 1 pr år, samt kompetanseheving.

#### TRENINGSKONTAKT

Tenesta har tidlegare satsa på kompetanseheving og har fleire godkjende treningskontaktar. Målet med tiltaket er:

- Vere «kom – i- gong -hjelp»
- Bidra til tilpassa fysisk aktivitet for menneske med særskilde behov.
- Motivere til deltaking i vanlege treningsarenaer.
- Bidra til oppleving av meistring gjennom fellesskap.
- Bygge på gode ressursar hos deltakarane.

#### OPPDRAGSAVTALAR

Målet er at alle som ynskjer det skal få tilpassa arbeid.

Psykisk helseteneste betalar ei lita «stimuleringsløn».

Det er viktig at arbeidet er tilpassa den einskilde si yteevne, slik at brukaren opplever meistring og arbeidsglede.

#### HEIMEBESØK OG OPPSØKANDE VERKSEMD.

Psykisk helseteneste tilbyr heimebesøk ved behov.

#### RETTLEIING/ STØTTESAMTALAR

Ein arbeider i stor grad individuelt med samtalar med brukaren.

Utanom støttekontakt og treningskontakt, er det ikkje krav om skriftleg søknad frå brukar.

#### PSYKOSOSIALT KRISETEAM.

Psykososialt kriseteam er etablert i Solund kommune. Viser til informasjon på

[www.solund.kommune.no](http://www.solund.kommune.no)

#### OMSORGSBUSTAD.

Ein tilfredsstillande bustad er grunnleggjande for eit trygt og stabilt tilvære. Dette løysast primært innan vanleg bustadmasse. Solund kommune har ein bustad som vert disponert av psykisk helseteneste.

### **SAMHANDLING**

#### ANSVARSGRUPPE

Det vert oppretta ansvarsgrupper rundt brukarar med samansette behov. Alle tenestene har ansvar for at det vert teke initiativ til ansvarsgruppe der dette er behov.

Psykisk helsearbeid har ansvar for at det vert teke kontakt med andre deltenester i samband med utgreiing av behov for andre tenester. Dette skal gjerast i samråd med brukar.

#### INDIVIDUELL PLAN ( IP)

Alle med langvarige og samansette tenester frå kommunen har rett på individuell plan. Det er laga prosedyrar og mal for arbeidet. Den einskilde kan velje å takke nei til IP. Slikt ynskje vert dokumentert i journal, og klienten må skrive under på at han/ho ikkje ynskjer IP. Spørsmålet vert teke opp med jamne mellomrom, i fall brukar endrar meining.

#### SAMARBEID MELLOM 1. OG 2. LINJETENESTA

Samarbeidsavtale mellom Solund kommune og psykiatrisk klinikk.

Samarbeidsavtale mellom Solund kommune og BUP.

Samarbeidskontrakt: Den kommunale helsetenesta og den off. tannhelsetenesta.

#### HAFS INTERKOMMUNALE BARNEVERNSTENESTE

Tverrfaglege møter med HAFS interkommunale barnevernsteneste etter møteplan.

Deltakarar er rektor på skulen, styrar i barnehage, PPT, leiande helsesøster, NAV Solund, folkehelsekoordinator og helse- og omsorgsleiar.

#### NAV SOLUND

Psykisk helsearbeid har møter med Nav Solund og deltek i oppfylgingsplaner dersom brukar ønskjer dette.



## HJELPEVERJE

Dersom ein person av ulike grunner har problem med å disponere privatøkonomien eller ivareta sine juridiske rettar, vert det oppnemnt hjelpeverje.

## SAMARBEID MED FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

I alle lokalsamfunn vil kulturtiltak vere viktige i ein helsefremjande strategi, og inngår i det førebyggjande og helsefremjande arbeid.

## FØREBYGGANDE PSYKOSOSIALT ARBEID.

Med førebyggjande psykososialt arbeid meiner ein: ” tiltak som fremjar gode mellommenneskelege, sosiale og miljømessige forhold for å hindre psykiske plager/ sjukdom og problemskapande åtferd» (Veileder IS-1154). Tenesta har tre viktige funksjonar for å bidra til at barn, unge og vaksne utviklar ei god psykisk helse:

- Vere ein god samtalepartner når livet byr på utfordringar.
- Hindra at psykiske vanskar utviklar seg til sjukdom.
- Sørge for at dei med omfattande vanskar får den hjelpa dei treng.

Vi vil også ha fokus på førebygging av depresjon og angst hos eldre.

## TRIMGRUPPE / FYSISK AKTIVITET.

Forskning syner at fysisk aktivitet reduserer depresjon, angst, muskelspenning, søvnproblem, alkoholbruk og medikamentbruk. Samstundes vert sjølvkjensla, tilhøvet til eigen kropp, kreativitet, livskvalitet og evna til å meistre stress betre. Psykisk helsetenesta har vore med å starte opp aktiv på dagtid. 01.01.13 er det folkehelsekoordinator som har teke over organiseringa av tilbodet i samarbeid med pensjonistlaget og Solund Frivillegsentral. Aktiv på dagtid gjev tilbod om trening i basseng og anna trim ein dag pr. veke.

## VERDENSDAGEN FOR PSYKISK HELSE

10. oktober er ein internasjonal dag for merksemd og opplysningsarbeid om psykisk helse til alle innbyggjarane i Solund kommune. Målgruppa for tiltaket varierer frå år til år. Psykisk helsetenesta har markert dagen kvart år i samarbeid med ulike etatar og frivillige organisasjonar.

## EDINBURGH - METODEN (EDPS)

- er ein norsk versjon for å identifisere kvinner med depresjon etter fødsel. Solund Kommune har samarbeidsavtale mellom nasjonalt kompetansenettverk for spedbarn- og småbarns psykiske helse, regionsenter for barn og unges psykiske helse (RBUP) helseregion øst og sør. Leiande helsesøster og jordmor gjev tilbod om EDPS f.om 01.01.13

## PMTO (Parent Management Training Oregon- modellen, rettleiing til foreldre)

Tidleg innsats for barn i risiko – eit kommunalt program for førebygging og behandling av åtferdsvanskar hos barn. Leiande helsesøster er godkjent som foreldrerådgjever og kan gje tilbod til familiar med born i aldersgruppa 3 – 12 år.

## HELSESTASJON FOR UNGDOM (HFU)

HFU er eit lavterskel tilbod til ungdom 13 – 20 år kvar måndag kl. 14.00 – 15.30 og er i tillegg til skulehelsetenesta.

Tilbodet er gratis, og det er ingen timebestilling. Det vert formidla time til lege eller jordmor ved behov. Helsestasjon for ungdom er ein arena der ungdom kan ta opp problemstillingar og spørsmål som gjeld helse og livsstil.

Helsesøster gjev råd og rettleiing vedkomande:

- Prevensjon, graviditet, kjønnsjukdomar, trivsel, psykisk helse, etevanskar, slanking, rus
- Andre tema som opptek ungdom.

## KVALITETS- OG STYRINGSSYSTEM

I lov om statleg tilsyn med helsetenesta, Helsetilsynsloven § 3:

*”Enhver som yter helsetjenester skal ha etablert et internkontrollsystem for å påse at tjenesten planlegges og utøves i samsvar med allment aksepterte faglige normer, lover og forskrifter».*

Psykiske helseteneste har utarbeida internkontroll for tenesta. Leiar for psykisk helseteneste har ansvar for årleg revisjon. Avvik frå gjeldande retningslinjer og forskrifter skal meldast tenesteveg. Vi har ruinar for avviksmelding. Informasjon om tenesta er lagt ut på Solund kommune si nettside, samt at det er utarbeida informasjonsbrosjyre om tenestetilbodet. Tertialrapportar og årsrapport sendast tenesteleiar. Psykisk helsearbeid dokumentarar i Cos Doc.

Leiar har hovudansvaret for langtidsplanar og årsplanar i samarbeid med heimesjukepleien og helse – og omsorgsleiar. Her skal ein også ta med evaluering og tilbakemeldingar frå brukarar, brukarorganisasjonar og samarbeidspartnarar. Tilbakemelding av planer vert gjeve gjennom årsmeldingar for tenesta.

Papirjournal oppbevarast etter forskrift. Leiar for tenesta er journalansvarleg.

Brukarar som får vedtak gjennom inntaksnemnda vert registrerte i IPLOS (registreringsprogram).

Arbeid med psykisk helse i ein liten kommune byr på nokre utfordringar.

Vi er sårbare når det gjeld kompetanse og ressursar. Det kan også lett oppstå habilitetsproblem i eit lite lokalsamfunn. Mange arbeidar åleine i små stillingsprosentar. Ein har få brukarar, og kan ikkje like lett som i ein større kommune byggje opp god kunnskap på alle fagområder. Det er eit mål å få til betre samarbeid med nabokommunar når det gjeld kurs og utveksling av erfaring.

Lang veg til politi gjev utfordringar når det gjeld utagerande klientar.

Samstundes gjev nærleiken i ein liten kommune høve for fleksible og tilpassa løysingar, og ein har god kjennskap til ressursar i lokalsamfunnet.

Ansvarleg for denne planen:

Helse- og omsorgsleiar, Liv Hilstad

Leiar psykisk helseteneste, Hilde Marit Nikolaisen Trovåg